

Utval: KIKS - Styret
Møtestad: Froland kommunehus
Dato: 19.03.2019
Tid: 10:00

Forfall meldast til administrasjonen på e-post til: post@konesjonskraft.no som syter for innkalling av varamenn. Varamenn møter berre ved spesiell innkalling.

Innkalling er sendt til:

Namn	Funksjon	Representerer
Mari Mykland	NESTL	
Jon Rolf Næss	MEDL	
Terje Damman	LEDER	
Svein Arne Jerstad	MEDL	
Torunn Ostad	MEDL	
Margrethe Handeland	MEDL	
Jon-Olav Strand	MEDL	

Formuesforvaltning kjem på årleg besøk til styret, ca. kl 12.00.

Terje Damman
styreleiar

Glenn Qvam Håkonsesn
dagleg leiar

Saksnummer	Innhold
PS 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/19	Godkjenning av møteprotokoll frå styremøte 12.11.2018
PS 3/19	Referatsaker
RS 1/19	Referat frå møte mellom LVK og KIKS 08.02.2019
RS 2/19	Datalagringscenter
PS 4/19	Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning
PS 5/19	Drøftingssaker
DR 2/19	Ny layout på Årsmelding
DR 3/19	Revidering av selskapsavtale som fylgje av kommune- og fylkessamanslåing
PS 6/19	Kraftgrunnlag Sira-Kvina etteroppgjer 2000-2018
PS 7/19	Eventuelt

PS 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Møteprotokoll

KIKS - Styret

Møtestad: Åmli
Dato: 12.11.2018
Tid: 10:00

Følgende politikere møtte:

Namn	Funksjon	Vara for
Terje Damman	Leder	
Margit Smeland	Varamedlem	Svein Arne Jerstad
Torunn Ostad	Medlem	
Margrethe Handeland	Medlem	
Oddmund Ljosland	Varamedlem	Jon-Olav Strand
Mari Mykland	Nestleder	

Frå administrasjonen og andre som møtte:

Namn
Anne Liv Lidtveit
Glenn Qvam Håkonsen
Sveinung Skjevraak
Reidar Saga
Bent Sørensen

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Valle, 15.11.2018

Anne Liv Lidtveit
Utvalssekretær

Godkjenning av møteprotokoll.

Saksnummer	Innhald
PS 39/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 40/18	Godkjenning av møteprotokoll frå styremøte 26.10.2018
PS 41/18	Referatsaker
RS 8/18	Etikk i finansforvaltning
PS 42/18	Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning
PS 43/18	Justering av risikostrategi
PS 44/18	Utsett revidering av selskapsavtalen
PS 45/18	Retningslinjer og mandat for valnemnda i Konesjonskraft IKS
PS 46/18	Budsjett 2019 og økonomiplan 2020-2022
PS 47/18	Eventuelt

PS 39/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 12.11.2018

Ingen merknadar til innkalling og sakliste.

PS 40/18 Godkjenning av møteprotokoll frå styremøte 26.10.2018

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 12.11.2018

Ingen merknader til protokollen.
Protokollen vart samrøystes godkent.

PS 41/18 Referatsaker

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 12.11.2018

Styret tok referatsakene til orientering.

RS 8/18 Etikk i finansforvaltning

PS 42/18 Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 12.11.2018

Styret tok rapporteringa til orientering.

Styret blir tilrådd ikkje å gjere endring i si avviksportefølje dei tok i styremøtet 4. april 2018, og behalde dei 200 GWh uendra.

Vedtak: Styret beheld posisjonen uendra.

PS 43/18 Justering av risikostrategi

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 12.11.2018

Tilrådinga blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:Justering av risikostrategi blir vedteken.

PS 44/18 Utsett revidering av selskapsavtalen

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 12.11.2018

Tilrådinga blei samrøystes vedtatt.

Vedtak: Revidering av selskapsavtalen blir utsett til etter avlagt rekneskap 2019, når alle kommune- og fylkessamanslåingar er gjennomført.

PS 45/18 Retningslinjer og mandat for valnemnda i Konesjonskraft IKS

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 12.11.2018

Kommentar at eit ord i andre avsnitt har falle ut. Dette ordet skal vere "fordeling mellom kommunal- og fylkeskommunal samansetning". Dette blir skriva inn.

Framlegg frå Margrethe Handeland om presisering i retningslinjene: Desse retningslinjene verkar i samsvar med selskapsavtalen, og valt velnamnd verkar fram til nytt styre er valt.

Tilrådinga med tillegg blei samrøystes vedtatt.

Vedtak: Retningslinjer og mandat for valnemnd i Konesjonskraft IKS med tillegg blir vedtatt.

PS 46/18 Budsjett 2019 og økonomiplan 2020-2022

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 12.11.2018

Tilrådinga blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Budsjett 2019 og økonomiplan 2020-2022 vert vedteken

Prognose utbetaling til deltakarar 2019 vert vedteken

PS 47/18 Eventuelt

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 12.11.2018

*** Møteplan 2019**

- Fyrste møte i 2019 er onsdag 30. januar, kl 11.30. Start med lunsj. Stad kjem vi tilbake til.
- Andre møte 19. mars, kl 10.-14 i Froland.
- Tredje møte 3. mai kl 10-14 i Hægebostad
- Representantskapsmøte og seminar er foreslått til 6. og 7. juni.

PS 3/19 Referatsaker

Til:
LVK

Vår ref:
2018/3-2

Sakshandsamar:
Glenn Qvam Håkonsen,
gqh@konsesjonskraft.no

Arkivkode:

Dato:
11.03.2019

Referat frå møte mellom LVK og KIKS 08.02.2019

Tilstades:

Torfinn Opheim – styreleiar LVK
Håkon Holm Westad – sekretariat LVK
Terje Damman – styreleiar KIKS
Jon Rolf Næss – styremedlem LVK og KIKS
Glenn Qvam Håkonsen – dagleg leiar KIKS

Bakgrunnen for møtet var KIKS sitt brev av 16.mars 2018. Brevet blei brukt som grunnlag for diskusjonen i møtet. Den utløsende faktor for brevet frå KIKS var at KIKS ikkje var velkomne til å delta på regionrådsmøtet til LVK i kristiansand januar 2018. Mykje av innhaldet i dette møtet var om konsesjonskraft.

Torfinn gjorde greie for LVK si avgjerd om at regionmøtene er ein arena for medlemmene og at mange strategiske viktige saker for LVK blir diskutert. Andre aktørar som Markedskraft og Ishavskraft spurte om å kome, og LVK beslutta at ingen eksterne aktører fikk delta på dette møtet.

Konsesjonskraftmottakarane i Agder har slått seg saman i eit IKS, noko som har vist seg å vere ein verdiskapande samarbeidsform i 35 år. KIKS meiner LVK ikkje må sjå på KIKS som eksterne, då dette berre er ein måte å organisere seg på. KIKS har ingen kommersielle interesser og fungerer på same måte som tilsette i kommunane i konsesjonskraftspørsmål. LVK kommenterte vidare at det er deltakarar i KIKS som ikkje er med i LVK (fylkeskommunane, Kristiansand, Grimstad, Arendal og Hægebostad kommune.)

LVK vil for framtidige regionmøte gjere endringar slik at KIKS er velkommen på delar av samlingane.

Sjølv om deltaking på regionmøta no er i orden, meiner KIKS at det på generelt grunnlag bør arbeidast for at KIKS er likestilt med kommunane i konsesjonskraftspørsmål, då KIKS representerer kommunane i det operative arbeidet med konsesjonskraft og det er ingen planer om å endre på organiseringa av KIKS.

I strategiplanen til KIKS står det at «Konsesjonskraft IKS skal vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane» og «KIKS skal vere open for utviding av den geografiske virkekrinsen, gjennom kommunar og fylkeskommunar i fellesskap». KIKS presiserte i møtet at det er faglege ambisjoner bak målet om å vere ein leiande nasjonal forvaltar. Med ein administrasjon som arbeider på heiltid med konsesjonskraft, ynskjer ein å ha eit hårete mål for å strekke seg etter å levere til konsesjonskraftmottakarane i Agder.

KIKS arbeider ikkje aktivt med geografisk utviding, men valde å ta med punktet i revidering av ny strategiplan i 2018. I arbeidet med strategiplanen tok KIKS kontakt med LVK for å sjå korleis KIKS kan legge opp sitt arbeid for å få til eit godt samarbeid med LVK. KIKS har og stilt spørsmål til LVK om kommunekraft region som var presentert som ein ide i 2017, då det frå KIKS sin side er nyttig å vite om KIKS kan ha ei rolle i dette eller om KIKS blir sett på som ein konkurrent. LVK gir tilbakemelding i møtet at KIKS ikkje er ein konkurrent til kommunekraft.

I brevet frå KIKS blei det og nevnt prosjektane «hydrologikompetanse på kommunesida» og «arbeid med OED-prisen», kor KIKS har gitt tilbakemelding at dei saknar framdrift og engasjement frå LVK si side. Torfinn gir i møtet ein status på hydrologiprojektet og opplyser at LVK har informert om viktigheten av hydrologiarbeid i regionmøtene.

I arbeid med OED prisen spilte KIKS inn at dei har arbeida med detaljer i både sjølvkostprisar og OED-prisen som kan vere av interesse for fleire enn KIKS. Ved å arbeide målretta med konsesjonskraft, kjem KIKS djupare ned i detaljane enn dei fleste, og ynskjer å bidra med den kunnskapen også inn mot LVK for å styrke kommunane og betre ta vare på rettane.

Etter energimeldinga i 2016 og den påfylgjande fredinga av konsesjonskraftordninga er LVK skuffa over at kraftskatteutvalet skal arbeide med dette. LVK er svært spent på kva kraftskatteutvalet vil kome med i oktober og er budd på at det kan kome kraftige angrep mot provenyet til kommunane.

LVK og KIKS blei einige om å ta ein fot i bakken når utvalet kjem med rapporten for å sjå på kva KIKS kan bidra med i arbeidet for å take vare på rettane.

Arendalsuka er også ein arena kor LVK og KIKS kan møtast.

KIKS vil også gjerne at det skal arbeidast med at det er ein arena kor administrasjonen til KIKS kan vere med, t.d. møter i energiutvalet som har sakar om konsesjonskraft.

Med helsing

Glenn Qvam Håkonsen
Dagleg leiar

RS 2/19 Datalagringscenter

PS 4/19 Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning

PS 5/19 Drøftingssaker



KONSESJONSKRAFT IKS

– vaktar rettane og tek vare på verdien

ÅRSMELDING 2018

Styreleiar har ordet

Dagleg leiar har ordet

Controller har ordet

Årsmelding 2018

Styret legg med dette fram årsmeldinga for driftsåret 2018, og årsrekneskapet er gjort opp under føresetnad om framleis vidare drift.

KORT OM KONSESJONSKRAFT IKS

Konsesjonskraft IKS (KIKS) er eit interkommunalt selskap organisert i medhald av lov om interkommunale selskap. Selskapet er lokalisert med kontorstad i Valle i Setesdal.

Primærformålet med selskapet er sal av konsesjonskraft på vegne av deltakarkommunane.

Selskapet si overordna målsetting er å vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane. KIKS vaktar og forsvarar deltakarane sine rettar, tek vare på verdien og fører den attende til deltakarane. KIKS arbeider kvar dag for å sikre deltakarane sine verdiar på ein langsiktig og god måte, gjennom dei grunnleggande verdiane i selskapet:

- Truverde - at all verksemd i KIKS skal vere basert på samfunnsmessige vurderingar
- Kvalitet - at alle gjeremål skal kvalitetssikrast og kontinuerleg arbeid med kvalitetsutvikling
- Tryggleik - at ein skal legge til grunn ein langsiktig tankegang i alle sine gjeremål

OPPFØLGING AV STRATEGIPLAN

Strategiplan og grunnleggande etiske prinsipp blei vedtatt desember 2017. KIKS sitt overordna mål er framleis å vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane. I tillegg har ein i strategiplanen definert totalt åtte delmål som saman skal oppfylle det overordna målet om å vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane.

KIKS skal som eit av delmåla trygge konsesjonskraftordninga som kommunal og fylkeskommunal rett. Dette gjer vi mellom anna gjennom informasjon til kommune og fylkesting. I tillegg arrangerer KIKS kvar vår eit seminar for deltakarane.

Det er høg kompetanse på fleire fagfelt som er relevant for arbeidet i KIKS, men det er komplekst og nærmast umeleg å ha full oversikt over alle område av konsesjonskraftordninga. Det gjer at vi jamleg gjer bruk av eksterne samarbeidspartnarar som mellom anna hydrolog og advokat. Dette er med på å oppfylle eit anna delmål i strategiplanen, nemleg at KIKS skal trygge verdien av konsesjonskraftordninga.

Dette delmålet heng saman med det neste; å sikre deltakarane påreklelege og stabile inntekter. I løpet av 2018 har vi gjort ein del endringar på det operasjonelle området, som vi meiner skal vere med å senke kostnadane ved krafthandel, og dermed også potensielt auke inntektene – utan at det går ut over kvalitet og risiko.

Eit av delmåla seier at vi skal ha fokus på læring og kunnskap i alle ledd, både politisk, administrativt og i skuleverket. Politikarane i styret får kompetanseheving i styremøta, representantskapet og porteføljeutvalet det same. I tillegg til dette, er tidlegare nemnde seminar eit viktig tiltak for å sette konsesjonskraft på dagsorden i kommunane og fylkeskommunane. Vel så viktige som deltakarane, er skuleverket. Vi har gjennom fleire år nå hatt eit undervisningsopplegg i ungdomsskulen. I 2018 besøkte vi seks skular, og fleire er interessert i eit opplegg i 2019. Også bachelorstudentar på Universitetet i Agder får kjennskap til KIKS gjennom si skriving av avsluttande bacheloroppgåver med problemstillingar relevante for KIKS.

Side | 2

Commented [ALL1]: Bør vi ha med om etikk? Eller er det nok det som står i avsnittet over?

Commented [ALL2]: Meir?

For KIKS er det viktig at ein samarbeider om millionane, ikkje slost om kronene. At kommunar og fylkeskommunar kan samarbeide gjennom KIKS, visar dette. Men også vårt ønskje om å samarbeide med andre interesseorganisasjonar og offentlege etatar, visar vårt framhaldande arbeid om å jobbe for heile konsesjonskraftordninga som heilskap, og ikkje berre for egne deltakarar.

KONSESJONSKRAFTVOLUM

Konsesjonskraft IKS tek ut kraft frå 13 konsesjonærar, i totalt 10 vassdrag. Totalt er det tale om 50 kraftverk.

Vårt største kraftverk er Tonstad kraftverk på totalt 125 865 GWh. Kraftverket ligg i Sira-Kvina-vassdraget, som samla sett er det nest største vassdraget i porteføljen til KIKS. Det største er Otra-vassdraget, som med sine 12 kraftverk til saman gir 296 764 GWh med konsesjonskraft til KIKS. Dersom ein seier at krafta har ein nettoppris på ca. 13 øre/KWh, så utgjør Otra-vassdraget i underkant av 40 millionar i nettoinntekter til deltakarane i KIKS, eller ca. 35 % av totalinntektene.

Konsesjonskraft IKS er opptatt av å ta vare på også dei små verdiane. Vasskrafta er evigvarande, så sjølv små volum gir sikre inntekter til kommunane for all framtid. Derfor har vi også fleire små kraftverk i porteføljen. Det minste er Skripelandsfossen på berre 0,175 GWh, og vil utgjere ca. kr 25 000,- nettoinntekt for deltakarane.

Sirdal kommune er den kommunen med flest kraftverk som KIKS tek ut konsesjonskraft frå. Heile åtte kraftverk finn vi her. Totalt sett er det fire kommunar som ikkje har kraftverk innanfor kommunegrensene, Arendal, Audnedal, Hægebostad og Kristiansand. Desse kommunane får likevel konsesjonskraft fordi dei anten har magasin eller fall i kommunen som blir brukt i kraftproduksjon som gir konsesjonskraft til KIKS.

For KIKS sin del er det viktig å få all kraft på nett til rett tid og til rett pris. Fordi bestillingsfristen er eitt år, melder vi uttak av konsesjonskraft også før kraftverket produserer straum. Då er vi sikra at vi får alle verdiane kommunane har krav på, frå fyrste dag.

Enkelte forhold er uavklarte, eller vi er ueinige med kraftverket om konsesjonskraftvolumet eller prisen. Då jobbar vi systematisk for å få lukka slike avvik. Per i dag har vi xxx saker som vi jobbar med, meir om dei under **Note X**.

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADAR

Selskapet har i 2018 gjort endringar i forvaltningsregimet, noko som har innverka på driftsinntektene og –kostnadane.

Fyrste halvdel av 2018 hadde KIKS same forvaltningsregime som dei siste sju åra før. Då sytte KIKS for omsetning av den fysiske krafta gjennom NordPool Spot, prissikring gjennom via eige medlemskap på NasdaqOMX, og valutasikring gjennom avtale med Danske Bank. Alt ved hjelp av Los AS som forvaltar.

Frå **DATO** har vi gjort endringar, noko som i stor grad medfører at vi ikkje lenger har eige medlemskap på **NasdaqOMX**.

Endringa av forvaltningsregime har medført at kostnadane til konsesjonskraftforvaltning har flytta seg, og at vi i framtida må rapportere på annan måte. Dette arbeidet er vi i full gang med, når vi nå går inn i 2019 som blir fyrste heile året med den nye forvaltningsordninga.

Side **Commented [ALL3]:** Korleis skal vi omtale volum; GWh eller KWh?

Commented [ALL4]: Supplere når vi har laga noter

Commented [ALL5]: Upresist?

Commented [ALL6]: Sett inn dato!

Commented [ALL7]: Supplier!

Driftskostnader KIKS					
År	2013	2014	2015	2016	2017
Driftskostnader i Kr	5 717 677	7 575 629	8 056 000	7 744 033	6 844 721
Volum i GWh	563,2	564,6	859,6	860,9	862,3
Driftskostnad i øre/kWh	1,02	1,34	0,94	0,90	0,79

Side | 4

Som tabellen viser, har vi dei siste åra hatt stort fokus på driftskostnadane. Det vi ser tydeleg nå er at utvidinga av selskapet til også å inkludere deltakarane frå Vest-Agder kosta pengar. Samtidig er vi nå nede på eit lågare nivå på driftskostnader enn før Vest-Agder kom med, slik at dei stordriftsfordelane ein trudde ville kome, nå har slått inn for fullt.

Commented [ALL8]: Ny tabell her!

I 2018 selde KIKS totalt xxx GWh konsesjonskraft. Av dette blei mesteparten omsett fysisk på NordPool Spot, men xx GWh blei levert som finansiell avtale basert på faktiske prisar.

Commented [ALL9]: Nytt avsnitt om fokuset på driftskostnader.

Commented [ALL10]: Få tal!

Commented [ALL11]: Få tal!

Samla driftskostnader er på kr xxxxxxxx, noko som er kr xxxxxxxxx lågare/høgare enn budsjettert. KVIFOR HAR DET GÅTT NED/OPP?

Commented [ALL12]: Oppdatert tekst

Inntekt/kostnad i øre/kWh					
År	2013	2014	2015	2016	2017
Brutto Inntekt	36,6	33,6	36,6	27,7	25,6
Snitt kjøpspris	11,1	12,0	11,1	11,5	11,8
Netto inntekt	25,5	21,6	25,5	16,2	13,8
Spotpris	29,8	23,3	29,8	26,9	27,2

Commented [ALL13]: Ny tabell her

FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER

Avkastninga på reservekapitalen utgjer kr -682 183 (-0,5% p.a.) mot kr 4 625 660 (3,8% p.a.) for 2017. 2018 var eit turbulent år i finansmarknaden og både aksjer og rentepapirer hadde lågare avkastning enn normalt.

Commented [ALL14]: Flytten til Entelios

I 2017 vart det endra regelverk som gjorde at KIKS måtte bruke kassakreditt framfor garantiar i marginkrav på finansiell handel. Når kraftprisane går opp, vil verdien av den krafta som er seld finansielt gå ned og KIKS må stille meir kassakreditt som garanti. Kraftprisane auka mykje i 2018 og difor blei det og ein kostnad på kassakreditt på kr 671 424.

I juni 2018 endra KIKS måten å turnere dette på og flytta kontraktane over til LOS og fekk ein avtale som gjorde at KIKS ikkje trengte å stille kassakreditt som garanti. Berekingar viser at KIKS måtte betalt om lag xxx.xxx meir i kassakreditt i 2018 utan denne avtalen.

Netto finans i 2018 var kr 2 899.

RESULTAT OG RESERVEKAPITAL

Resultat før overførte konsesjonskraftinntekter er på kr 114 412 641 mot kr 117 412 265 i 2017.

Commented [ALL15]: Treng ein tabell for resultat og ein for reservekapital

For å kunne ta høgde for uventa kostnader og hendingar, har deltakarane vedtatt at ein skal ha ein reservekapital i selskapet. Denne skal fyrst og fremst brukast til å dekke særskilte kostnader og eventuelle avviksoppgjjer, men også til å jamne ut inntektene slik at deltakarane får pårekelege inntekter dei kan budsjettere med.

Side | 5

Commented [ALL16]: Nytt avsnitt

Avsett reservekapital etter årsoppgjersdisposisjonar er kr 158 229 722, etter overføring av udisponert resultat kr 10 558 641. Det vart budsjettert med ein reduksjon av reservekapital, men høge spotprisar samstundes som KIKS vart undersikra i høve risikostrategien ga høgare resultat enn budsjett. Det budsjetterast med ein reduksjon i reservekapital i 2019 og 2020, men dette er svært avhengig av utviklinga på kraftprisar.

Utbetalingar/avsettingar reservekapital i øre/kWh					
År	2013	2014	2015	2016	2017
Utbetalt deltakarane	22,1	19,9	14,9	13	10,7
Avsett reservekapital til saman	3,3	1,3	2,6	2,6	2,9
	25,4	21,2	17,5	15,6	13,6

RISIKO

Selskapet har fokus på risiko kvar dag, og har kodifisert dette gjennom fyrste delmål i strategiplanen der det heiter at KIKS skal «ha den administrative og operative risikoen under kontroll til ei kvar tid, både kortsiktig og langsiktig risiko».

Det er særleg knytt til kraftforvaltning at fokuset på risiko kjem til uttrykk. Fordi kraft- og valutamarknaden svingar, og kan gi store variasjonar i inntekter, har selskapet ein risikostrategi ved handel av kraft. Målet med risikostrategien er å sikre deltakarkommunane og –fylkeskommunane pårekelege og stabile inntekter ved å sikre konsesjonskrafta, ikkje berre selje den på spot.

Strategien startar sikring 3 år før leveringsåret, og det sikrast jamt fram til budsjettprognosen leverast 1. oktober året før levering. Risikostrategien opnar for at ein kan avvike frå strategien dersom kraftprognosane talar for det. Med stadig aukande prognoser på kraftprisen framover har administrasjonen utnytta rammene i risikostrategien og har posisjonert seg for aukande kraftprisar.

Områderisikoen, altså forskjellar i pris på kraft i Sør-Noreg og heile Norden, vert ikkje sikra.

I tillegg til den finansielle risikoen, blir det kontinuerleg arbeid med å ha oversikt og kontroll på administrativ risiko. Vi har avtale med Setesdal IKT om leveranse av IT-tenester, og har i løpet av 2018 inngått avtale med Valle kommune om kjøp av kontrollertener.

Det er utarbeidd administrativ beredskapsplan. Dette arbeidet har kontinuerleg fokus.

FIGARDEL OG ANSVARSDEL

Selskapsavtalen frå 2014 går fram til og med 31. desember 2029.

Commented [ALL17]: Slått saman administrativ og finansiell risiko, men ikkje fornøgd med innhaldet...

Commented [ALL18]: Dette avsnittet er frå i fjor. Behalde?

Eigardelen er fastsett i selskapsavtalen § 12, basert på vurdert konsesjonskraftvolum per august 2014. Revisjon av eigardelen skal etter selskapsavtalen skje etter avlagt rekneskap for 2018. På grunn av kommune- og fylkestingssamanslåingar er dette utsett til etter 2019, jf. vedtak i representantskapet i sak 11/18.

I representantskapet har kvar deltakar 1 stemme per GWh konsesjonskraft per 1. januar i vedkomande år.

Side | 6

ARBEIDSMILJØ OG YTRE MILJØ

KIKS har per 1. januar 2019 tre fast tilsette i til saman 3 årsverk, ei kvinne og to menn. I tillegg til desse tre, har selskapet ein rådgjevar på pensjonistvilkår med avlønning per time, tilsvarande ca. 50 % stilling.

Sjuefråveret i 2018 var på omlag 0,53 %.

Selskapet følgjer likestillingslova og diskrimineringslova om seksuell orientering. Det har ikkje vore skader eller arbeidsulykker. Selskapet ureinar ikkje det ytre miljøet.

CONTROLLER

KIKS kjøper kontrollertjenester utanfrå eigen organisasjon, og controller skal utelukkande kontrollere og rapportere på krafthandel. Controller skal både tene som kvalitetssikring av krafthandelen, men også redusere den samla administrative risikoen. Controllerfunksjonen er ein viktig del av den interne kontrollen samtidig som den bidreg til å tryggje kvaliteten gjennom å avdekke og lukke mulege avvik.

Fram til 1. desember 2018 kjøpte selskapet controlleroppgåvene frå Aust-Agder fylkeskommune, med Bent Sørensen som utførte oppgåvene. Då han ønskte seg fritatt frå oppgåva, er det frå 1. desember 2018 inngått avtale med Valle kommune, og framover er det Laila Rysstad som er vår controller.

Controller rapporterer til dagleg leiar og styret kvart halvår. Sjølv om controller normalt rapporterer til dagleg leiar, er dette ein uavhengig funksjon som har høve til å rapportere direkte til styret.

DAGLEG LEIAR

Glenn Qvam Håkonsen er dagleg leiar.

PORTEFØLJEUTVALET

Porteføljeutvalet er eit rådgjevande organ for dagleg leiar og styret.

I løpet av 2018 har ein gjort visse endringar i Porteføljeutvalet, mellom anna nye medlemmer. Christina Ødegård, Åmli kommune, og John G. Bergh, Aust-Agder fylkeskommune har gått ut, medan Jens Arild Johannessen, Kvinesdal kommune har kome til. Frå Aust-Agder fylkeskommune er det nå Bent Sørensen som er medlem. Nå er i praksis alle dei store kraftkommunane og begge fylkeskommunane i KIKS medlem i Porteføljeutvalet, eit viktig grep for å sikre god kjennskap til KIKS og til kraftsektoren elles ut i kommunane.

Porteføljeutvalet består ved utgangen av 2018 av desse administrativt oppnemnde medlemene:

Inge Hedenstad Stangeland	Sirdal kommune – leiar
Frantz A. Nilsen	Bykle kommune
Aud Sunniva Fuhr	Valle kommune
Aasmund Lauvdal	Bygland kommune
Svein Ove Nepstad	Åseral kommune
Jens Arild Johannessen	Kvinesdal kommune
Inge Hurv	Vest-Agder fylkeskommune
Bent Sørensen	Aust-Agder fylkeskommune

STYRE OG REPRESENTANTSKAP

Styret:

Terje Damman	Vest-Agder fylkeskommune	leiar
Mari Mykland	Froland kommune	nestleiar
Torunn Ostad	Aust-Agder fylkeskommune	medlem
Jon-Olav Strand	Aust-Agder fylkeskommune	medlem
Jon Rolf Næss	Bykle kommune	medlem
Svein Arne Jerstad	Kvinesdal kommune	medlem
Margrethe Handeland	Hægebostad kommune	medlem
Margit Smeland	Åmli kommune	møtande varamedlem

Representantskap:

Reidar Saga	Åmli kommune	leiar
Janne Fardal Kristoffersen	Lindesnes kommune	nestleiar
Anders Kylland	Aust-Agder fylkeskommune	medlem
Knut A. Austad	Aust-Agder fylkeskommune	medlem
Nils Harald Rennestraum	Vest-Agder fylkeskommune	medlem
Sally Vennesland	Vest-Agder fylkeskommune	medlem
Robert Cornels Nordli	Arendal kommune	medlem
Reidun Bakken	Audnedal kommune	medlem
Anders Christiansen	Birkenes kommune	medlem
Leiv Rygg	Bygland kommune	medlem
Hans Blattmann	Bykle kommune	medlem
Bjørn A Ropstad	Evje og Hornnes kommune	medlem
Jan Sigbjørnsen	Flekkefjord kommune	medlem
Ove Gundersen	Froland kommune	medlem
Per Svenningsen	Grimstad kommune	medlem
Lars Terje Grostøl	Hægebostad kommune	medlem
Svein Hillestad	Iveland kommune	medlem
Ole Magne Omdal	Kristiansand kommune	medlem
Per Sverre Kvinlaug	Kvinesdal kommune	medlem
Helge Sandåker	Marnardal kommune	medlem
Thor Jørgen Tjørhom	Sirdal kommune	medlem
Steinar Kyrvestad	Valle kommune	medlem
Eivind Drivenes	Vennesla kommune	medlem

Møteverksemd i 2018:

Styret	5 møte
Representantskapet	2 møte
Porteføljeutvalet	3 møte

I tillegg blei det halde seminar for Representantskap, styret, Porteføljeutvalet og tilsette i kommunane på Dyreparken hotell.

Styret meiner at selskapet er på veg mot den overordna målsettinga:

Vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane

Mandal, 4. april 2018

Terje Damman
styreleiar

Mari Mykland
nestleiar

Svein Arne Jerstad
styremedlem

Margrethe Handeland
styremedlem

Jon Rolf Næss
styremedlem

Torunn Ostad
styremedlem

Jon-Olav Strand
styremedlem

Glenn Q. Håkonsen
dagleg leiar

Resultatrekneskap for perioden 1.1.2017 – 31.12.2017

Balanse per 31.12.2017

Mandal, 4. april 2018

Terje Damman
styreleiar

Mari Mykland
nestleiar

Svein Arne Jerstad
styremedlem

Margrethe Handeland
styremedlem

Side | 9

Jon Rolf Næss
styremedlem

Torunn Ostad
styremedlem

Jon-Olav Strand
styremedlem

Glenn Q. Håkonsen
dagleg leiar

Kontantstraumsanalyse

Noter til rekneskapet for perioden 1.1.2018 – 31.12.2018

REGNSKAPSPRINSIPPER

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk, herunder norske regnskapsstandarder.

BRUK AV ESTIMATER

Utarbeidelse av regnskaper i samsvar med regnskapsloven krever bruk av estimater. Videre krever anvendelse av selskapets regnskapsprinsipper at ledelsen må utøve skjønn. Områder som i stor grad inneholder slike skjønnsmessige vurderinger, høy grad av kompleksitet, eller områder hvor forutsetninger og estimater er vesentlige for årsregnskapet, er beskrevet i notene.

Commented [ALL19]: Dette må vi gå gjennom! Er det noko her som nå ikkje stemmer etter at vi la om forvaltninga?

SALGSINNTEKTER

Salgsinntekter inntektsføres i takt med uttak av konsesjonskraft. Tjenester inntektsføres i takt med utførelsen.

SIKRINGSVURDERING

Selskapet bruker ulike finansielle instrumenter til å styre sin risikoeksponering. Når disse har tilstrekkelig korrelasjon med den posten som ønskes sikret, regnes instrumentene som sikringsinstrumenter. Med tilstrekkelig korrelasjon menes det her at instrumentene i høy grad oppveier de regnskapsmessige effektene av den posisjonen som sikres.

I de tilfeller der de inngåtte avtalene blir regnskapsmessig behandlet som sikringsinstrumenter, blir inntektene og kostnadene periodisert og klassifisert på samme måte som underliggende posisjoner.

Inntekter fra salg av konsesjonskraft er sikret gjennom terminkontrakter på systempris og valuta. Forskjellen mellom systempris og områdepris er ikke sikret. Det foreligger da risiko for prisendringer knyttet til områdepris.

KLASSIFISERING AV BALANSEPOSTER

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk klassifiseres som anleggsmidler. Eiendeler som er tilknyttet varekretsløpet klassifiseres som omløpsmidler. Fordringer for øvrig klassifiseres som omløpsmidler hvis de skal tilbakebetales innen ett år. For gjeld legges analoge kriterier til grunn. Første års avdrag på langsiktige fordringer og langsiktig gjeld klassifiseres likevel ikke som omløpsmiddel og kortsiktig gjeld.

ANSKAFFELSESKOST

Anskaffelseskost for eiendeler omfatter kjøpesummen for eiendelen, med fradrag for bonuser, rabatter og lignende, og med tillegg for kjøpsutgifter (frakt, toll, offentlige avgifter som ikke refunderes og eventuelle andre direkte kjøpsutgifter). Ved kjøp i utenlandsk valuta balanseføres eiendelen til kursen på transaksjonstidspunktet, men til terminkursen ved bruk av terminkontrakt.

FORDRINGER

Kundefordringer føres opp i balansen etter fradrag for avsetning til forventede tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuell vurdering av fordringene og en tilleggsavsetning som skal dekke øvrige påregnelige tap. Vesentlige økonomiske problemer hos kunden, sannsynligheten for at kunden vil gå konkurs eller gjennomgå økonomisk restrukturering, og utsettelse og mangler ved betalinger anses som indikatorer på at kundefordringer må nedskrives.

Andre fordringer, både omløpsfordringer og anleggsfordringer, føres opp til det laveste av pålydende og virkelig verdi. Virkelig verdi er nåverdien av forventede framtidige innbetalinger. Det foretas likevel ikke neddiskontering når effekten av neddiskontering er uvesentlig for regnskapet. Avsetning til tap vurderes på samme måte som for kundefordringer.

UTENLANDSK VALUTA

Fordringer og gjeld i utenlandsk valuta vurderes etter kursen ved regnskapsårets slutt.

GJELD

Gjeld, med unntak for enkelte avsetninger for forpliktelser, balanseføres til nominelt gjeldsbeløp.

PENSJONER

Selskapet har pensjonsordninger. Pensjonsordningene er finansiert gjennom innbetalinger til forsikringsselskap eller annen finansinstitusjon. Selskapet har kun innskuddsplaner.

Side | 11

INNSKUDDSPLANER

Ved innskuddsplaner betaler selskapet innskudd til et forsikringsselskap eller finansinstitusjon. Selskapet har ingen ytterligere betalingsforpliktelse etter at innskuddene er betalt. Innskuddene regnskapsføres som lønnskostnad. Eventuelle forskuddsbetalte innskudd balanseføres som eiendel (pensjonsmidler) i den grad innskuddet kan refunderes eller redusere framtidige innbetalinger.

SKATT

Selskapet er ikke skattepliktig.

KONTANTSTRØMOPPSTILLING

Kontantstrømoppstillingen utarbeides etter den indirekte metoden. Kontanter og kontantekvivalenter omfatter kontanter, bankinnskudd og andre kortsiktige likvide plasseringer, som umiddelbart og med uvesentlig kursrisiko kan konverteres til kjente kontantbeløp og med gjenværende løpetid mindre enn tre måneder fra anskaffelsesdato.

NOTE 1 – DRIFTSINNTEKTER

	2017	2016
Nordpool Spot	237 790 214	215 162 154
Nordpool Spot - områderisiko	-4 119 014	-13 105 944
Nordpool Spot - gevinst brukstid	4 271 153	4 813 518
Gevinst/tap - prissikring	-11 130 149	51 224 357
Gevinst/tap - valutasikring	-8 793 449	-22 107 004
Finansiell avtale Vigeland Brug	2 352 238	2 045 622
Finansiell avtale Hisvatn Kraftlag AS	79 676	74 967
Avregning av regulerkraftbalanse	-409 388	1 220
Finansiell avtale Ofte dal	164 310	87 581
Sum Konesjonskraftinntekter	220 205 591	238 196 471
Andre driftsrelaterte inntekter	-	-
Sum Annen driftsrelatert inntekt	-	-
Sum Driftsinntekter	220 205 591	238 196 471

Side | 12

NOTE 2 - KJØP AV KONSESJONSKRAFT OG EVENTUELLE UAVKLARTE FORHOLD
 Kostnader for kjøp av konesjonskraft utgjør for 2017 kr 101 316 457.

Commented [ALL20]: Skal vi vurdere å ha med noko om kraft vi veit kjem, men som ennå ikkje er på nett.

Konsesjonskraft IKS tek ut kraft frå 13 konsesjonærar, i totalt 10 vassdrag. Vi jobbar heile tida med å rett mengde konsesjonskraft på nett til rett tid og til rett pris.

Prisrisiko i Otravassdraget, Tovdalsvassdraget og Arendalsvassdraget

All konsesjonskraft i Otravassdraget, Tovdalsvassdraget og Arendalsvassdraget blir levert til OED-pris, sjølv om noko av denne krafta er levert med heimel i konsesjonar før 1959. Denne prisrisikoen har vi kontroll på og prissikringane våre er tilpassa dette.

Otravassdraget – Skarg kraftverk

Ved utbygging av Skarg kraftverk, meiner KIKS det skal leverast konsesjonskraft både av alt overført vatn og vatn frå det uregulerte lokalfeltet, jf. 1974-konsesjonen. Dette er Otra Kraft ueinig i. Det er tatt atterhald i uttakskontrakten.

Ulla-Førre – Kristiansand

KIKS har bede NVE rette feilen i utrekninga i vedtaket som har ført til at Kristiansand kommune berre får konsesjonskraft frå Saurdal kraftverk, men ikkje frå Kvilldal og Hysten kraftverk. Det dreier seg om eit mindre konsesjonskraftvolum. Feilen er ennå ikkje retta, og NVE har i statusmøte januar 2016 uttalt at dette vil bli retta ved OED si behandling av klagesaka på utrekning og fordeling av konsesjonskraft frå Kvilldal og Hysten kraftverk.

Sira-Kvina - kraftgrunnlag og konsesjonskraftfordeling

Olje- og energidepartementet fatta vedtak i klagesaka om kraftgrunnlag og fordeling av konsesjonskraft og konsesjonsavgifter i Sira-Kvinavassdraga 29. august 2018. Vedtaket er endeleg.

Som venta medfører vedtaket store omfordelingar mellom kommunane. Det var likevel uventa at vedtaket fekk tilbakeverkande kraft heilt tilbake til 2000. Dette gjer at vi talar om vesentlege beløp for enkelte kommunar/ fylkeskommunar. Det er særleg Kvinesdal kommune og/eller Vest-Agder fylkeskommune som opplever nedgong i volum.

KIKS har avsett i rekneskapet for negative avviksoppgjjer. Dette blir gjort for at KIKS skal kunne avrekne og gjennomføre avviksoppgjera for det tidsromet den enkelte deltakarkommunen har vore med i KIKS.

Sira-Kvina – avskrivingsgrunnlaget

Mandalsvassdraget

Sidan 2015 har KIKS og Agder Energi Vannkraft AS (AEVK) vore ueinige om kva for pris ein del av volumet knytt til vilkårsreviderte konsesjonar frå Skjerka og Håverstad kraftverk skal leverast til. Bakgrunnen er at AEVK ikkje aksepterer vilkåra i konsesjonane av desember 2013 eller februar 2017, der det fylgjer at konsesjonskraft frå fleire konsesjonar gitt før 1959 nå skal leverast til OED-pris. AEVK aksepterer heller ikkje stadfestinga til Olje- og energidepartementet av mars 2015 om at konsesjonsvilkåret er lovheimla. AEVK stevna departementet for retten i slutten av februar 2018.

Rettsaka gjekk i Oslo tingrett i 22. og 23. november 2018, og dommen fall 3. desember. Dommen gir OED rett på alle punkt. AEVK har derimot anka saka, og ankesaka vil gå i Borgarting lagmannsrett i løpet av 2019 eller 2020.

Side | 13

Commented [ALL21]: Ha med dette?

Commented [ALL22]: Nytt avsnitt

Utbygginga har skjedd gradvis, og volumet er derfor gradvis blitt større. Per 2018 er det tale om 56 453 MWh. KIKS estimerer at meirkostnaden blir fordelt med ca. 85 % til Vest-Agder fylkeskommune og ca. 15 % til Åseral kommune.

Samla avvik i Mandalsvassdraget 2015-2018		
	Volum i MWh	Forskjell i kroner - sjølvkost/OED-pris
2015	15 603	529 692
2016	29 322	767 054
2017	29 543	1 426 837
2018	56 453	3 503 043
Totalt	130 921	6 692 334

Side | 14

KIKS og AEVK underteikna i 2018 ein avtale om utsett forelding, gjeldande frå 1. juni 2018. Det betyr at all kraft levert før 1. juni 2015 er forelda og ikkje lenger er ein del av det omtvista volumet. Volumet for 2015 i tabellen over er justert for dette.

AEVK fakturerer KIKS for differansen mellom OED-pris og individuell sjølvkost på krafta. Partane er einige om at differansefakturaane ikkje skal betalast inntil vidare.

Selskapet vurderer kravet frå AEVK som så tvilsamt at fakturabeløpa på til saman kr 6 692 334 ikkje er blitt bokført i rekneskapet.

Commented [ALL23]: Beløpet stemmer?

NOTE 3 – TILSETTE, LØNN, GODTGJERINGAR M.V.

Spesifikasjon av lønnskostnader:

	2018	2017
Lønninger	2 528 714	2 742 867
Godtgjering til styret/representantskap	147 500	218 500
Arbeidsgjevaravgift	314 470	334 415
Personalforsikringar og pensjon	218 364	165 535
Andre personalkostnader	69 630	39 561
Totale lønnskostnader	3 278 678	3 500 878

Det er i 2018 utbetalt kr 1 006 685 i lønn og godtgjeringar til dagleg leiar.

Selskapet har ved årsskiftet tre fast tilsette personer. Gjennomsnittleg tal på årsverk utgjer 3,6 i 2018.

Eksterne honorar (hovudpostar)		
	2018	2017
Revisjonshonorar	146 878	243 790
Regnskapshonorar	205 979	262 722
Controller	227 433	241 822
Honorar hydrologiske tenester	-	171 331
Krafthandel	2 442 558	1 333 069

Honorar til revisor utgjorde i 2018 kr 146 878, der ordinær revisjon utgjorde kr 90 000 og honorar i samband med tertialregnskap og annan bistand utgjorde kr 56 878.

Kostnader krafthandel har auka frå 2017 til 2018 på grunn av eingongskostnad ved flytting av kraftkontraktar som fylgje av nedlegging av GCM og overflytting til nytt forvaltaroppsett. Totalt kom denne kostnaden på kr 1 161 954.

Pensjonsordning oppfyller krava til tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon.

Div merkantile og adm kostnader (hovudpostar)		
	2018	2017
Kostnader lokaler	110 343	149 970
Leasing bil	62 509	82 914
Programvare	264 231	210 784
Seminar/møter	228 397	217 721
Kostnad og godtgjørelse for reiser	145 207	194 154

Evt kommentere på firmabil/leasingbil

NOTE 4 – DRIFTSMIDDEL

	Kunst	Inventar	Bil	Sum
Anskaffelseskost pr. 01.01	46 475	194 674	-	241 149
+ Tilgang	-	19 779	395 100	414 879
- Avgang	-	-		-
Anskaffelseskost pr. 31.12	46 475	214 453	395 100	656 028
Akk. av- og nedskrivninger pr. 01.01	-	179 442	-	179 442
+ Ordinære avskrivninger	-	6 410	51 766	58 176
- Tilbakeførte avskrivninger		-		-
+ Ekstraord. Nedskrivninger		-		-
Akk. av- og nedskrivninger pr. 31.12	-	185 852	51 766	237 618
Balanseført verdi pr. 31.12	46 475	28 601	343 334	418 410

Side | 16

Avskrivningssats 20 % - 33 %

NOTE 5 – FINANSPLASSERINGAR

Selskapet har i løpet av året investert i ulike verdipapir gjennom Formuesforvaltning AS

Fordeling pr. 31.12.	Bokført verdi	Kursverdi	Kjøpesum
Pengemarked Norge/Bank	41 401 634	41 401 634	40 920 548
Obligasjoner Norge	62 226 492	62 226 492	61 381 982
Obligasjoner utland	13 826 121	13 826 121	13 483 973
Hedgefond	4 655 831	4 655 831	4 162 594
Aksjer Norge / Norden	2 251 602	2 251 602	2 187 034
Aksjer utland	12 318 615	12 318 615	11 126 024
Sum finansielle aktiva	136 680 295	136 680 295	133 262 155

Side | 17

Aksje- og obligasjonsfond er oppført til marknadsværdi. Urealisert netto gevinst på kr 4 254 985 for 2017 inngår i finansinntekter.

Avkastning på reservekapital plassert i Danske Bank, utgjør kr 591 103.

NOTE 6 – BETALINGSMIDDEL

Av bankinnskott er kr 208 642 bunde beløp til skattetrekk for tilsette og styret.

Tilsvarende beløp i fjor utgjorde kr 197 343.

NOTE 7 – ENDRING I ARBEIDSKAPITALEN

Endring i arbeidskapital

Side | 19

Arbeidskapital pr. 31.12.2017	147 609 373
Årets resultat	114 412 641
+ Avskrivningar	58 176
- Investering i anleggsmidler	-414 879
- Utbetalt til deltakerkommunar	-103 854 000
Endring i arbeidskapital	10 201 938
Arbeidskapital pr. 31.12.2018	157 811 311

Endring i arbeidskapital i balansen

	Pr. 31.12.18	Pr. 31.12.17	Endring
Omløpsmidlar	195 410 376	182 444 954	12 965 422
Kortsiktig gjeld	37 599 065	34 835 581	2 763 484
Arbeidskapital	157 811 311	147 609 373	10 201 938

NOTE 8 – NY PASSANDE **OVERSKRIFT**

Commented [ALL24]: Ny overskrift

	Deltakar-ansvar i selskaps-avtale	Reservekapital pr. 31.12.17	Tilført frå årets resultat	Utbetalt til deltakarar	Reservekapital pr. 31.12.18
Aust-Agder fylkeskommune	38,33 %	60 927 683	41 073 780	39 654 000	62 347 463
Vest-Agder fylkeskommune	19,24 %	16 080 518	20 527 960	14 948 000	21 660 478
Arendal kommune	1,02 %	1 635 457	1 108 741	1 118 000	1 626 198
Audnedal kommune	0,31 %	202 458	361 837	278 000	286 295
Birkenes kommune	0,36 %	699 296	413 486	429 000	683 783
Bygland kommune	3,30 %	6 179 697	3 776 698	4 002 000	5 954 395
Bykle kommune	10,85 %	20 023 240	12 363 781	13 013 000	19 374 021
Evje og Hornnes kommune	0,39 %	667 664	422 241	435 000	654 905
Flekkefjord kommune	1,31 %	1 258 017	1 932 819	1 575 000	1 615 836
Froland kommune	2,40 %	4 036 224	2 533 677	2 630 000	3 939 901
Grimstad kommune	0,83 %	1 293 279	895 201	902 000	1 286 480
Hægebostad kommune	0,03 %	15 229	24 819	20 000	20 048
Iveland kommune	1,69 %	2 771 008	1 803 046	1 854 000	2 720 054
Kristiansand kommune	0,07 %	41 743	65 939	51 000	56 682
Kvinesdal kommune	3,55 %	6 765 291	5 760 935	4 836 000	7 690 226
Lindesnes kommune	0,20 %	120 463	192 538	154 000	159 001
Marnardal kommune	1,76 %	1 105 659	1 846 960	1 391 000	1 561 619
Sirdal kommune	1,09 %	3 420 593	3 070 581	2 143 000	4 348 174
Valle kommune	4,83 %	10 389 270	6 248 636	7 026 000	9 611 906
Vennesla kommune	3,42 %	1 913 560	3 560 923	2 603 000	2 871 483
Åmli kommune	1,89 %	2 974 900	1 919 542	2 055 000	2 839 443
Åseral kommune	3,13 %	3 148 933	4 508 499	2 737 000	4 920 432
Driftsfond		2 000 898	-		2 000 898
Sum	100,0 %	147 671 081	114 412 641	103 854 000	158 229 722

Side | 20

Reservekapital pr 31.12.2016 er justert opp med kr 795 844.

Dette gjeld deltakarane Vest-Agder fylkeskommune, og Sirdal og Kvinesdal kommunar i samband med etteroppgjer Sira-Kvina. Rettinga er gjort då det blei ein feil i kor mykje som skulle tilhøyre kommunane i tida før KIKS og kor mykje som skal til reservekapital. Beløp som skal utbetalast er tilsvarende redusert med kr 795 844 for dei deltakarane det gjeld.

NOTE 9 – ANNA KORTSIKTIG GJELD

Spesifikasjon av kortsiktig gjeld

	2018	2017
Aktiv forvaltning innenfor kraftmarkedet	-	-
Skyldige feriepenger	274 200	303 754
Periodiserte kostnader	-1 787 711	80 365
Annen kortsiktig gjeld	12 332 784	12 332 784
Sum annen kortsiktig gjeld	10 819 273	12 716 903

Side | 21

Av annen kortsiktig gjeld så er kr 12 232 784 fra etteroppgjer Sira Kvina og tilhører Vest-Agder Fylkeskommune, Sirdal og Kvinesdal kommunar. KIKS ventar på avklaring frå desse korleis beløpet skal fordelast.

NOTE 10 – SIKRING

Per 31.12.2018 er følgende volum sikra

	2018	2019	2020	2021
Sikra volum i GWh	820	710	509	254
Totalvolum i GWh	871	884	884	884
Sikra volum i %	94 %	80 %	58 %	29 %
Urealisert tap/gevinst sikra posisjonar i NOK	-	-170 592 884	-50 270 098	-5 505 357

Side | 22

Tap/gevinst knytta til sikra framtidige volum er ikkje balanseført i årsrekneskapet. Konesjonskraft IKS sikrar framtidige inntekter på kraft ved å sikre i terminmarknaden til avtalt pris. Sikra posisjonar vil ha ein meirverdi/ mindreverdi avhengig av utviklinga i terminmarknaden, men etter reglane om sikringsinstrumenter vil dette bli resultatført på leveringstidspunkt.

Konsesjonskraft IKS
Postboks 4
4747 Valle

post@konsesjonskraft.no
telefon 37 93 75 00



DR 3/19 Revidering av selskapsavtale som følge av kommune- og fylkessamanslåing

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
6/19	KIKS - Styret	19.03.2019

Kraftgrunnlag Sira-Kvina etteroppgjør 2000-2018

Dagleg leiar tilrår:

Styret vedtek at KIKS skal sende krav om etteroppgjør på kr 70 440 476 til Sira-Kvina kraftselskap for perioden 2000-2018

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

OED fatta endeleg vedtak om kraftgrunnlag i Sira Kvina den 29.08.2018, med verknad frå 01.01.2000

2. Saksopplysningar

KIKS er part i etteroppgjøret heilt tilbake til 1.1.2000 for Bykle, Valle, Bygland og Aust Agder fylkeskommune og frå 01.01.2015 for Flekkefjord, Kvinesdal, Sirdal og Vest Agder fylkeskommune.

	Konsesjonskraft frå Sira Kvina Kraftselskap i MWh										
	Flekkefj			Bykle	Valle	Bygland	Forsand	Gjesdal	Lund	Sokndal	SUM
Sirdal	Kvinesdal	ord									
Leverast iflg oppgåve frå SKK sept 2018	212 471	151 822	11 016	33 204	62 118	9 620	51 547	7 357	4 155	3 523	546 833
OED-vedtak aug 2018	222 782	119 962	11 487	52 127	62 400	10 385	40 958	7 363	4 077	2 723	534 268
Differanse mellom levert og vedteke	10 311	-31 860	471	18 923	282	765	-10 589	6	-78	-800	-12 570

Det er relativt store endringar for enkelte kommunar, og med verknad frå 01.01.2000 kan det bli relativt store etteroppgjør. Netto reduserast mengda konsesjonskraft i Sira-Kvina med 12 570 MWh (12,57 GWh).

Konsesjonskraftfondet for Aust Agder IKS har i perioden fram til 01.04.2010 ein forvalteravtale med Agder Energi Produksjon om overskottsdeling. Dette vil seie at AEP skal ha ein del av etteroppgjøret i den perioden, varierende frå 30,5% til 35%. Dette gjeld Bykle, Valle, Bygland og Aust Agder fylkeskommune.

Bykle og Valle har i perioden konsesjonskraftmengde høgare enn forbruk til alminneleg forsyning, og ein andel av etteroppgjæret skal då gå til Aust-Agder fylkeskommune. Andelen er 60% til fylkeskommunen i perioden fram til 01.04.2010 og 90% til fylkeskommunen i perioden frå 01.04.2010.

Sirdal og Kvinesdal har i perioden konsesjonskraftmengde høgare enn forbruk til alminneleg forsyning, og ein andel av etteroppgjæret kan då gå til Vest-Agder fylkeskommune. I perioden før 01.01.2015 var ikkje VA deltakar i KIKS. I perioden frå 01.01.2015 fordelast etteroppgjæret med 95% til fylkeskommunen og 5% til kommunen.

3. Vurdering

KIKS har gått igjennom historiske volum, marknadsprisar, kjøpsprisar og rentesatsar, og kvalitetssikra dette saman med Sira Kvina kraftselskap (SKK).

KIKS har netto oppside i etteroppgjæret, men det er store variasjonar mellom deltakarane i KIKS. Administrasjonen har difor forøkt å lande eit balansert oppgjær som er fagleg forsvarleg og gjer det transparent å vurdere. Det er dette grunnlaget SKK har nytta i sitt oppsett med forslag til oppgjær mot kommunane.

KIKS berekning av etteroppgjær:

KIKS	Volum pr år	NO2 pris spot vekta			Akkumulert	
		Kjøpskost	månadsblokk	Årlig beløp	rentesats	m rente
2000	19 970	10,98	10,85	-25 961	7,03 %	-26 874
2001	19 970	10,46	18,91	1 687 465	7,53 %	1 722 101
2002	19 970	10,26	21,71	2 286 565	7,20 %	4 214 974
2003	19 970	10,61	30,77	4 025 952	4,20 %	8 502 499
2004	19 970	9,32	24,17	2 965 545	2,04 %	11 671 744
2005	19 970	8,56	23,50	2 983 518	2,27 %	14 954 074
2006	19 970	8,43	38,63	6 031 727	3,18 %	21 557 244
2007	19 970	8,17	24,70	3 300 976	5,12 %	26 046 456
2008	19 970	8,08	41,09	6 592 540	6,47 %	34 537 471
2009	19 970	8,38	31,84	4 685 226	2,51 %	40 148 387
2010	19 970	9,19	42,95	6 740 904	2,57 %	48 007 726
2011	19 970	8,59	37,23	5 719 783	2,95 %	55 228 104
2012	19 970	8,81	23,31	2 895 088	2,29 %	59 421 064
2013	19 970	9,42	29,44	3 998 433	1,79 %	64 518 920
2014	19 970	10,29	23,31	2 600 756	1,74 %	68 264 932
2015	-1 108	9,60	18,91	-103 175	1,31 %	69 055 352
2016	-1 108	8,63	23,71	-167 072	1,09 %	69 640 073
2017	-1 108	8,09	27,34	-213 298	0,91 %	70 059 529
2018	-1 108	8,57	41,07	-360 100	1,08 %	70 454 127

SKK kjem i sine berekningar til eit etteroppgjær på kr 70 440 476, sjå vedlegg. Forskjellen på kr 13 651 er grunna avrundingar på sentralnettskostnadar og vurderast av administrasjonen som uvesentleg. Det leggst difor fram forslag om å krevje etteroppgjær av kr 70 440 476 frå SKK til fordeling på deltakarane i KIKS etter volum dei representerer.

Valle, den 11.03.2019

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

1 Oppgjør OED 2018 - endelig versjon -sammendrag

Sira-Kvina kraftselskap

Krav (+)/motkrav (-) OED-vedtak 2018

Hovedstol + renter:

Kvinesdal	17 825 439
VAF (Kvinesdal)	95 940 284
Forsand	5 679 583
RF (Forsand)	40 324 045
Lund	338 942
Sokndal	3 476 348
	163 584 641

VAF (Sirdal)	- 36 819 591
Flekkefjord	- 1 681 578
Gjesdal	- 26 066
KIKS	- 70 440 476
	- 108 967 711

Netto til S-K	54 616 930
----------------------	-------------------

Hovedstol:

Kvinesdal	14 122 137
VAF (Kvinesdal)	76 008 329
Forsand	5 535 919
RF (Forsand)	32 480 181
Lund	280 096
Sokndal	2 872 796
	131 299 458

VAF (Sirdal)	- 29 166 150
Flekkefjord	- 1 332 021
Gjesdal	- 21 541
KIKS	- 55 633 168
	- 86 152 880

Netto til S-K	45 146 578
----------------------	-------------------

PS 7/19 Eventuelt